

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[787] N-26167 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 60; 1990b: 18, 21; Seim 1989: 336).

Innskrifta står på eigarmerke av tre med utskjering av små "handtak" for feste i båe endar, 73 mm langt og eit tverrsnitt på 15 x 9-10 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom ca. 1225 og ca. 1275.

Det er runer på den eine av breisidene. Innskrifta dekkjer heile flata utanom "handtaket", dvs. at ho er 40 mm lang og runene 15 mm høge. På den andre sida av merket er det skore inn ein bumerkeliknande figur (sjå ill.). R. 1 er dobbeltskoren. R. 2 og 6 (r) har båe opne bogar. Elles er punkteringa i r. 5 litt svak, men synest likevel å vera del av innskrifta.

† R Ṛ | Ṛ R †
æ r l i g r a

Erlingr á. 'Erling eig'.

Sekvensen **æ r l i g r** kunne alternativt lesast rett fram som adjektivet *ærligr* og dermed gi språkleg mening. Det verkar likevel lite sannsynleg i denne spesielle samanhengen. At den nasale konsonanten i ikkje er markert i siste leddet av namnet, er eit ganske vanleg drag i runeinnskrifter generelt, og er heller ikkje uvanleg i dette namnet spesielt (jf. NIyR II: 109 og III: 252).

Namnet *Erlingr* er vanleg i norsk gjennom heile mellomalderen, seier Lind (1905-15: 244). Det er derimot svært lite bruk på Island ut frå det andre kjelder kan fortelja. Men namnet synest likevel å ha vore vanleg i alle fall i ei av dei andre norrøne "utbygdene" i vest - Orknøyane (Lind loc. cit.). Det kan sjølvstakt ikkje tilleggast alt for stor vekt her. Med den solide posisjonen namnet *Erlingr* har i norsk mellomalderleg namnetradisjon, vil det vera sikrast å sjå dette merket som uttrykk for norsk handel på Nidaros der merking har skjedd på same vis som det etter alt å dømma elles har vore gjort med gods transportert over havet vestfrå. N670 frå Bergen har vore identifisert som eit gotlandsk namn på eit slikt eigarmerke. Det tyder på at denne forma for merking har vore nytta over store delar av Norden. Interessant ved det merket vi har å gjera med her, er bumerket på den motsette sida i høve til runeinnskrifta. Det synest å ha tent som ei ekstra markering av eigarforholdet i

dette tilfellet og kan vera ein liten indikator på at ikkje alle meistra runeskrift like godt. Slike bumerke eller bumerkeliknande teikn er elles vanlege på merkelappar frå Bryggen i Bergen. Heile 22 av dei utgjevne 114 merka med innskrifter i NIyR har tilleggsmerking av same slag.